

Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Yddin og Javnlie løypelag

Delegert sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vedtaksdato:

SVENIN - 26/1412

K01

11.08.2026

Saksnr.	Utval
224/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
198/26	Kommunestyret

Svar på søknad om motorferdsel i utmark – Yddin og Javnlie løypelag

1. Kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak gir Yddin og Javnlie løypelag v/ Arnstein Alund dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel i utmark i samband med vedlikehald av skiløypenettet.
2. Løyvet vert gjeve på fyljande vilkår:
 - Løyvet gjeld frå om med 17.08.2026 – 13.09.2026.
 - Løyvet skal bringast med under køyring i tilfelle kontroll. Arnstein Alund er ansvarleg for løyvet.
 - Ferdsel skal berre gå føre seg i området vist i figur 1. Det skal ikkje køyrast i Kjølaåne naturreservat.
 - Det skal bli tatt omsyn til kulturminne i området under køyring.
 - Det er gitt dispensasjon til bruk av gravemaskin for å flytte stein i traseen, så lenge dette skjer som mindre tiltak i grunnen og ikkje medfører større inngrep i terrenget. Det er ikkje tillate med masseflytting, planering eller andre tiltak som vesentleg endrar landskapet. Bruk av krattknusar til å fjerne busk og kvist i og langs traseen er godkjent som del av det ordinære vedlikehaldet, i tråd med gjeldande avtale.
3. Vedtaket er fatta i heimel i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 6. Kommunedirektøren vurderer at motorferdsel i utmark i samband med vedlikehald av skiløypenettet som eit særleg behov for køyring i utmark, som ikkje kan dekkjast på annan måte, og som ikkje har preg av turkøyring.


Tilhøve grunneigar:

I samsvar med gjeldande rettsreglar har grunneigar eller brukar rett til å nekte eller avgrense motorferdsel på sin eigedom, uavhengig av løyve frå kommunale myndigheiter. Løyve frå grunneigar bør innhentast før transporten startar.

Saksopplysningar:

Arnstein Alund v/ Yddin og Javnlie løypelag søker om dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel i utmark for å gjennomføre vedlikehald på skiløypenettet i form av å fjerne stubbar og stein på «Blå 24», på strekninga mellom Yddin Fjellstogo og Kjølaåne naturreservat (figur 1). Det skal nyttast gravemaskin til arbeidet. Arbeidet er planlagt gjennomført i løpet av månadsskiftet august/september.

Arbeidet er i samsvar med avtale mellom kommunen og løypelaget.



Figur 1: Figuren syner løype «B24» mellom Yddin Fjellstue og grense til Kjølaåne naturreservat (raud skravering).

Vurdering:

Søknaden må vurderast etter *lov om motorferdsel i utmark, forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag, samt naturmangfaldlova*.

Vurdering etter motorferdsel lovverket:

Formålet med lova om motorferdsel i utmark er at ein ut ifrå eit samfunnsmessig og heilskapleg syn skal regulere motorferdsla i utmark med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen. All motorferdsel i utmark skal gå føre seg med aktsemd og omsyn for å unngå skadar og ulemper for natur og menneske. I utmark og vassdrag er motorferdsel ikkje tillate med mindre anna følgjer av denne lova eller vedtak med heimel i lova.

Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag § 6 fastslår at kommunen etter skriftleg søknad, kan gi løyve til køyring utover §§ 2 – 5 dersom søkjaren påviser eit særleg behov som ikkje er knytt til turkøyring, og som ikkje kan dekkast på annan måte. Før

eit eventuelt løyve vert gjeve, skal transportbehovet vurderast mot moglege skadar eller ulemper i forhold til målet om å redusere motorferdsla til eit minimum.

Kva som er særleg behov og unntakstilfelle byggjer på ei konkret skjønsmessig vurdering. Ved skjønnsvurderinga må lokale tilhøve kunne spela inn, men likevel slik at føremålet med lova ikkje vert sett til side.

Ved vurderinga av om det ligg føre eit "særleg behov" vil det vere av betydning om køyringa er naudsynt og har eit akseptert nytteformål, eller har preg av unødvendig køyring. Det er formålet med sjølve transporten som er avgjerande. Det er derfor ikkje avgjerande om transportøren ser transporten som lønsam, om ikkje transporten isolert sett dekker eit reelt og nødvendig behov.

Søknaden må vurderast opp mot kommunens grunneigaravtaler for leige av grunn til skiløyper. I høve til gjeldande avtale, punkt 6 om vedlikehald, preparering, merking og skilting, har leigetakar rett til å halde traseane ved like ved blant anna å fjerne vegetasjon i traseen, fjerne greiner som veks inn i traseen og mindre tiltak i grunnen som eksempelvis å fjerne stubbar og stein. Slikt vedlikehald bør gjennomførast på barmark før vintersesongen startar.

Etter ei samla vurdering av søknaden meiner vi at bruk av gravemaskin for å flytte steinar i løypetraseen kan godkjennast. Det er lagt til grunn at arbeidet vert avgrensa til mindre tiltak i grunnen og ikkje medfører større terrenginngrep. Det skal ikkje gjennomførast masseflytting, planering eller andre tiltak som fører til vesentlege endringar i landskapet.

Løypelaget fekk også innvilga dispensasjon for tilsvarande arbeid på same strekning året før. Arbeidet vart då ikkje gjennomført fordi terrenget vart for blautt til at arbeidet kunne utførast på ein forsvarleg måte.

Det er ein føresetnad at tiltaket vert gjennomført med omsyn til naturmiljøet og med minst mogleg påverknad på terreng og vegetasjon utanfor løypetraseen.

Vurdering etter naturmangfaldlova, jf. § 7, §§ 8 – 12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Relevante kartlag er sjekka i databasane Kilden (NIBIO), Naturbase (MDir), Artskart (Artsdatabanken), sensitiv artsdata (MDir). Kommunen legg til grunn at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å vurdere tiltaket. Det er ikkje registrert naturtypar, raudlista artar eller andre verdifulle miljøførekomstar i området som blir påverka av motorferdsla.

§ 9 Føre-var-prinsippet: Etter kommunen sin vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om og verknadar på naturmangfaldet. Tiltaket er av avgrensa omfang og er vurdert til å ikkje medføre risiko for alvorleg skade på naturmangfaldet. Det er ikkje grunn til å nytte føre-var prinsippet i strengare grad enn vanleg.

§10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Tiltaket vil gi ei avgrensa og lokal påverknad. Det er ikkje andre kjende tiltak i området som saman med dette vil gi ei uakseptabel samla belastning på økosystemet.

§ 11 Kostnader ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar. Tiltakshavar har ansvar for å bere eventuelle kostnader ved miljøforringing. Arbeidet skal gjennomførast på barmark, og det er viktig at det skjer med omsyn til terreng og vegetasjon for å unngå skade. Det er ikkje vurdert som sannsynleg at tiltaket vil medføre vesentlege miljøkostnader, gitt det avgrensa omfanget og vilkåra som er sett.

§ 12 Pålegg om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Tiltakshavar har ansvar for å nytte metodar som førebyggjer og avgrensar skade på naturmiljøet. Dette inneber mellom anna å unngå større inngrep i terrenget og å gjennomføre arbeidet med minst mogleg påverknad på vegetasjon og grunn.

Konklusjon:

Ut frå ei samla vurdering av køyrebehovet, høve til miljøomsyn og manglande alternative løysingar, finn kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak at det er grunnlag for å gje dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel i utmark.

Det er gitt dispensasjon til bruk av gravemaskin for å flytte stein i traseen, så lenge dette skjer som mindre tiltak i grunnen og ikkje medfører større inngrep i terrenget. Det er ikkje tillate med masseflytting, planering eller andre tiltak som vesentleg endrar landskapet. Bruk av krattknusar til å fjerne busk og kvist i og langs traseen er godkjent som del av det ordinære vedlikehaldet, i tråd med gjeldande avtale.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar. Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Nina Karoline Svensrud
Rådgjevar landbruk og utmark

Vedlegg

Kopi til:

Statsforvalteren	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Innlandet			

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og sendt utan underskrift, i samsvar med våre rutinar